

Så spela han for Gud



Kappleiksåret 2002 var uvand for mange av oss. Det var noko som mangla. Særleg éin blei sakna dette året; Vår alles kjære Bjarne Herrefoss, som sovna inn i ein alder av 71 år, 15. mai 2002, etter ei tids sjukdomsleie. Året 2002 kjem for veldig mange til å bli hugsa som det året Bjarne døydde.

”...så liten at det var ei gru...”

Det merkast så godt at ikkje Bjarne er med oss lenger. Han har alltid vore der, så lenge eg har vore med og mykje lengre.

Eg minnest ikkje fyrste gong eg trefte Bjarne, men han tala om ei gong han var på vitjing heime hjå oss i Breskelia i Bø. Dotter hans er nabo der. *”Du va’ så liten at det va’ ei gru, og gjekk og sveiv nedpå plenen der,”* fortalde han. Dette var nok ei beite fyre eg hadde byrja å spela.

Me fekk tidleg kontakt. Bjarne tok kontakt med kven det måtte vera. Til og med med ein liten spelegutunge på 6-7 år. Han treiv tak i hendene mine og kikka på dei da; *”Akkurat slik skal dei vera!”* sa han og smila. Han kom bort til oss, gav oss ein god klem og sa nokre venlege ord. I byrjinga nådde eg honom ikkje lenger enn til litt opp på magen, og den store, sterke bamsen klemde stundom så veldig at det var hardt å få puste. Men det var trygt i Bjarne sitt nærver.

Så spela han på ein måte som gjorde at sjølv ein nybyrjar skjøna at dette var noko stort. Den inkluderande meisteren blei slik eit tidleg føredøme for oss yngre spelemennene, som han hadde vore for mange i fleire år allereie.

”...dei unge, gamle gode.”

”Eg e ikkje menneskje, eg, men eg e ’a snill,” sa Bjarne ofte. Han hadde heilt rett. Bjarne var i alle fall ikkje som andre menneskje, men han var gjennom snill i si framferd mot andre menneskje. Bare den gåtefulle måten han ordlagde seg på vitna om noko annleis.

Da eg var kring 12 år gamal var eg med på det einaste kurset Bjarne heldt i løpet av livet sitt. Dette var på Rauland. Han lærde bort ein Fykerudgangar. Det var godt med pausar, så me fekk tale med og spela for einannan. Klokka elleve om kvelden kom Bjarne inn på rommet til meg og ein kamerat, Arne Flothyl frå Haukeli, for å tale vidare om spel. Han sat til klokka var fire om morgonen med oss. Eg hugsar eg kjende korleis eg vaks som spelemann over natta. Den natta stend for meg som ei avgjerande hending i oppveksten min som spelemann. Slik var spelemannsskulen til Bjarne. Me lærde mykje av å lytte på honom og bare det å vera med honom. Det var slik han sjølv hadde lært det og kanskje også den einaste måten han kunne lære vekk på. For som han sjølv sa: *"Eg har i gronn aller lært å spela."*

Oppover i tenåra dela eg mykje tid med Bjarne på slikt vis. Me spela for kvarandre. Å vera med han inspirera og gav enorm spelglede. Og Bjarne lytta. Eg trur ikkje eg har spela så mykje for nokon som eg har for honom.

På ein vinterkappleik i Porsgrunn i 1996 var Bjarne nettopp fylt 65. Eg var 16. Bjarne vende seg til meg å spurde: *"Kan du sea meg når ein blir vaksen?"* Eg stussa og svara noko om at det måtte da han veta betre enn meg og sikta med det til aldersforskjellen oss imellom. Bjarne smilte igjen og svara: *"Ja, du e' heldig, du, som e' a' dei unge, gamle gode."*

"...dei har bestemt seg."

Slik Bjarne var blei han høgt elska og også nærmast dyrka i enkelte krinsar i folkemusikkmiljøet. Kom Bjarne var det snøgt mykje folk rundt honom. Slik kunne han stundom ikkje ein gong velja sjølv kven han skulle vera i lag med. Men så fann han seg ei luke og blei vekke, og resten sat tome attende.

Når Bjarne spela var det alltid ein del folk som liksom datt saman – luta seg framåt og heldt hovudet i hendene, som om dette var den stillinga ein måtte ha for å taka i mot spelet hans. Når så neste spelemann skulle taka over var det liksom dei vakna att og sat på vanleg vis. Dette kunne vera beint ut komisk å sjå på, men folk visste at når Bjarne kom, kom det noko ekstra med honom. Han hadde den statusen at han dreiv med "draumespel". Ein sat alltid att med noko når Bjarne lyfta bogen frå strengen, om ein sat som om ein var vaken eller som om ein drøynde. Men ein kan vel spørja seg om alle desse som krumma seg når Bjarne kom fram eigentleg hadde evne til sanse denne krafta ved Bjarne sit spe i alle tilfelle.

Nettopp dette overdrivne føleriet heva Bjarne seg elegant over, utan eigentleg å seie så mykje. Men på ein kappleik, litt utpå natta, snudde Bjarne seg til meg etter å ha spela; *"Det e' det samma håss eg spelar, fe' dei har bestemt seg."* Da var han ikkje så særleg på spellag, men likevel sat det ein flokk i fosterstilling kringom honom. Så la han frå seg fela og byrja å tale med skaren i staden. Eg var oppteken med å samtale med nokre folk på andre sida og ensa ikkje kva Bjarne sa til dei. Men ikkje lenge etterpå kjende eg fingeren hans i sida; *"Tit!"* sa han: *"Det e' det samma hått eg seie så e' det bra."* Så klappa han seg på kneet og lo godt.

"...håsse dei e' laga..."

Den drøymande sjelespelemannen var også ein sær medviten og oppegåande menneskjekjennar som la godt merkje til og grunna over kva som skjedde kring honom - ei side ved honom det ikkje bestandig blei vist omsyn til. Skrekkeksempelet på dette er den

venda han hadde blitt henta inn for å spela på eit møte i Telemark - dette av folk frå "tilhengjarskaren" til Bjarne. Han skulle spela éin slått, var på godt lag og fekk gode tilbakemeldingar frå publikum om at dette lét fint. Difor fekk han hug til å spela ein slått til, men da blei han riven tak i og bore ut med makt av dei same folka som hadde huka honom inn. Dette reiv ordentleg i Bjarne og han var støtt arg da han fortalde om det.

Å kjenne og liksom skjønne spelet hans gav status i visse krinsar, og han sjølv kunne bli gløymt oppi alt saman. Så samtykka dei og nikka til at han dreiv med "sjelespel". Ved å skjønne at det var sjel i spelet hans kunne dei vise at dei sjølve hadde sjeler. Denne hendinga får ein til å undrast på om alle desse hadde det i så stor grad som dei skulle ønskje. Bjarne gjorde sjeldan store nummer ut av slike ting, anna fortalde det som det var. Så grua han seg og gav seg over; *"Ein må lure på håss dei e' laga, mange vendur."*

"...apekattar som ingen hugsa..."

Ein blei verkjeleg glad i den trauste, godmodige Bjarne. Og nokon blei så glade i den karismatiske kunstnaren at dei prøva å spela akkurat som honom. I dei verste tilfella kunne det, ofte litt utpå natta, dukke opp nokon som prøva vera honom òg. Dette la Bjarne sjølv merkje til, og han såg på det med gru. Da likna han det med ein del spelemenn i Hardanger som tok etter Halldor Meland på same måte – Bjarne sa det var sju av dei. Dei kledde seg og tedde seg som Halldor. Til og med sveisen herma dei, fortalde Bjarne. Og dei spela som honom òg – nokon av dei mest like godt; *"Men dei blei nokka apekattar som ingen hugsa etterpå – ikkje hått dei heitte, hell nokken ting,"* sa Bjarne.

Her er me inne på sjølve essensen av Bjarne Herrefoss. Han var oppteken av det særeigne hjå kvar enkelt og kunne aldri sjølv bli nokon kopi.

Bjarne hadde ein periode på 60-talet der han la seg veldig etter Gjermund Haugen. Men på eit tidspunkt stoppa han opp og tenkte at det var betre han gjorde som han sjølv kjende for å gjera det.

Så blei han brått seg sjølv att. Og takk Gud for det!

Dei aller fleste som har hatt omgang med Bjarne, har nok blive fortald noko om at: *"Ingen e' som deg."* Eg overhørde honom til og med seia detta til katta si; *"Ingen e' som deg, Pus. Ingen kan vera akkurat som deg. Ingen e' så snill som deg, og ingen e' så fin som deg."* Så medviten var han om det originale.

Det same finn ein i spelet hans. Han hadde mange føredøme; Torkjell Haugerud, Eivind Mo, Gjermund Haugen og Løndalskarane var nok dei fremste, men på slutten tala han mykje også om Hølje Landsverk i Tuddal. I tillegg hadde han med seg mykje frå meir ukjente spelemenn frå Seljordshei og elles i Telemark.

Likevel liknar han ikkje på nokon av desse. Han har hausta noko av dei alle, sett til mykje av sjølve seg og laga sitt eige spel utav det. Samtidig vidareforedla han også slåttane etter eigen smak ved å luke ut tak og til og med heile vek han ikkje verdsette så høgt. Igjen sat han med akkurat det han elska høgast; og nettopp denne elskan til musikken han framførde gjorde til at Bjarne sitt spel osa av kjærleik.

Dette verkjeleg fanga han folk med.

”Du kan ikkje lære nokko a’ meg...”

Det er difor det blir så hakkande gale når nokon prøvar å vera eller spela som Bjarne ved å freiste å kopiere honom. Det let seg ikkje gjera, nettopp av dei grunnar at ein da gjer det stikk motsette av kva han sjølv gjorde. Og på kva for måte er ein da ein kopi?

Til meg sa han: *”Du kan ikkje lære nokko a’ meg, men det kan vera eitt og ana takje’.”* Etter som tida gjekk la eg meir og meir merkje til kor sterkt han meinte dette.

Det er ingen grunn til å skjule at Bjarne, inni blant alle lovorda, stadig fekk mykje negativ kritikk og sure miner frå folk – særleg frå eldre og samtidige spelemenn. Dette fordi han ikkje spela slåttane slik dei ”skulle spelast.” Mange sakna ein del av det Bjarne lét vera å taka med og kritisera honom for det.

Men Bjarne var ikkje åleine i den tradisjonen. Både spelemenn som Eivind Mo, Gjermund Haugen og Smedalskarane hadde litt av dei same trekka – at dei vidareforedla slåttane, gjerne ved å kutte ut ein del repetisjonar og variasjonar og i tillegg legge til sine eigne løysingar, slik Bjarne også gjorde. Alle gjorde dei det på heilt ulike måtar og det skapa kvar enkelts uttrykk. Desse særeigne uttrykka gjorde dei alle til noko meir enn handverkarar, nemleg kunstnarar.

Denne måten å behandle musikken på kan stundom virke valdsam og øydeleggande. Ein kunne tolke det Bjarne dreiv med som at han freista å rydde opp i slåttane, eller reinske dei. Men det var ikkje meininga. Han hadde stor respekt for sine føredøme, også samtidige og yngre spelemenn, og for dei gamle slåttane. Men han såg ikkje på det som si oppgåve å konservere. Og ved å gjera det som han gjorde det gav han oss som kom etter moglegheit til å hauste av hans spel, på same måte som han hadde hausta frå sine føredøme. Dette utan å øydelegge slåttane, om me berre henta ”eitt og ana takje’.”

Bjarne kunne hamne heilt ute på kanten, slik at det stundom kunne vera vanskeleg å koma i mål. Men som oftast greidde han å vri det til, og det av og til så det verkjeleg small.

Slik fekk ein store musikalske opplevingar av å lytte til honom, fordi dette var Bjarne sin kunst, og her var han eineherskande.

Når andre etteråt freistar seg inn i hans augneblinkkunst, og å gjentaka denne, fell heile riket saman – nettopp fordi det ikkje lenger er den rette herskaren som rår.

Men her er arveprinsar: To av sønene, Magne og Roar, spelar. Desse greier å hente fram mykje av det same som faren - dei har honom i seg. Siste åra gledde det også Bjarne å sjå at sonesonen Kristoffer synde sær gode takter på fela.

”...vera så mykje du vi’.”

Bjarne var sterk. Det var det som berga honom gjennom alle vanskane ved å vera den type spelemann han var. Samt det at han blei så høgt elska.

Han sprengte seg i gjennom motbør utan å skade nokon og utan å vera trassig, men bare ved å vera ein mann som ville ein stad.

Slik blei han uhandgripeleg. Han sat igjen med sitt på det reine.

Og Bjarne lata som ingenting.

”Her kan du vera så lenge du vi’, og så mykje du vi’, ” sa han støtt når ein vitja honom i heimen til han og Vesla i Skafså. Dét er ikkje dårleg; Å vera så mykje du vil. Det er det ikkje

alle stader ein får vera.

Bjarne var mykje og ville mykje – det kom fram både når han spela, song, skreiv eller måla. Han hadde også behov for å ha rom til å få vera så mykje som han var, og difor lika han at andre òg fekk det.

Han var god til å finne greie løysningar slik at det var enklare å sjå ljust på ting.

Stadig baud han meg opp til seg når me tala saman på telefon og ein gong lokka han med at om eg kom ein tur, skulle me til Homvatn og fiske. Eg svara litt flåsete at: "Det e' nå'kje så store fisken der." Bjarne blei stille eit lite sekund fyrri han svara: "*Nei, men det gjer ingenting, det. Da kan me bare ha med mindre pannur.*"

Denne overlevingskrafta han hadde, som også gjorde at han overlevde som den spelemannen han var, kom godt med da han så sørgjeleg blei alvorleg sjuk.

Det var på eit besøk i Skafså hausten 2000 at Bjarne fyrste gong for alvor nemnte for meg at han trudde han var ramma av alvorleg sjukdom.

Seinare fekk me stadfesta mistanken:

Bjarne hadde fått kreft.

"...vi så gjønne vera med..."

Eg vitja honom på Rjukan sjukehus like etter den fyrste operasjonen hans. Det var ikkje ein sytete pasient eg trefte den venda. Det var framleis den sterke Bjarne som låg svekka i sjukesenga.

Han tala da om framtida, om kor mykje meir moro me skulle ha det, og om neste Landskappleik på Rauland. Der ville han deltaka.

Bjarne reiste seg att og deltok på nok ein Landskappleik, framleis noko svekka, men den umiskjennelege krafta i spelet hans var der ennå.

Da synde han oss nok ein gong sitt sanne eg.

Ikkje lenge etterpå fekk Bjarne ein ny sjau med det same elendet.

Da byrja han nok å kjenne at det blei vanskelegare.

Han var på besøk hjå familien i Bø etter denne sjauen. Da eg køyrde honom heim etter dette besøket sa han: "*Legen sa eg va' sterk som ein unghingst, men eg trur ikkje eg orkar det ein gong te'.*"

Han blei taus ei beite att, men la til: "*Men eg vi' så gjønne vera med dekkkan.*"

Diverre råka kreften honom ein trea gong etter dette.

Da eg og Gunnar Innleggen vitja honom siste venda på sjukeheimen på Dalen var det ein sterkt redusera, men likevel skjemtande og livfull Bjarne me møtte.

Me kom da til å tale om éin spesiell slått.

Bjarne hadde fått CD-en min, "Åleine", av meg - og ein av slåttane eg har laga, Nyrenning, er med på denne. Bjarne hadde tidlegare fortald meg at denne slåttten hadde også han tenkt på.

"*Det e' heilt likt i bynnelsen og et stykkje utover,*" sa han. Eg sa det hadde vore moro å høyrte hans versjon. Da svara han: "*Eg kjem ikkje te koma meg så vøldsomt nå, men eg trur eg skal koma meg såpass at eg skal klare å spela den slåttten.*"

Me gav kvarandre eit handtrykk og sa takk for nå til ein annan. Da kjende eg at all krafta som allstøtt har vore i dei nevane nå var vekke.

Det skulle vise seg at det nået me takka for denne venda ikkje bare var det nået me nettopp var i, men heile det nået me har hatt saman.

Allereie vika etterpå fekk Bjarne store smerter, og han sovna stille inn.

”...så spelar eg for Gud.”

Eg trur ikkje Bjarne var redd for å døy. Han bruka jamvel uttrykket ”å døy” om noko godt.

”Han spela så godt at eg døydde,” kunne han seie.

Eller ennå meir dramatisk; *”Nå ska’ me døy!”*

Dette var eit bilete på at me nå skulle verkjeleg kose oss. Det å døy var noko overbehageleg.

Eit av dei mest kjende sitata etter Bjarne er; *”Fysst så senkar eg publikum, så spelar eg for Gud!”*

I den ytringa får ein perspektiv på det Bjarne dreiv med.

Han sa det enklare ei vende i Setesdal for få år sidan, da han nok ein gong reiv med seg heile publikumet: *”Eg veit a’ hått eg driv med!”*

Døden er byrjinga på det udøyelege er det noko som heiter. Saknet etter Bjarne Herrefoss er like udøyeleg som han sjølv - fordi han sette djupe spor i oss.

Han er uerstatteleg - fordi ingen var som honom.

Han gav oss uendeleg mykje - og det uendelege han gav oss vil følgje med oss ut i æva.

Bjarne senka publikum.

Knut Buen skildrar nettopp det i ei helsing eg las frå honom i gravferda til Bjarne i Bø kyrkje;

”Du vann den gjævaste vandrepokalen til odel og eige, Bjarne – å vera den høgaste elska.”

Og nå spelar han for Gud.

Per Anders Buen Garnås



Publisera i Spelemannsbladet og Telemark Tidend i 2003